

## Søknad

Søknadsnr.	2018-0215	Søknadsår	2018	Arkivsak
Støtteordning	Tilskot til nærings- og samfunnsutvikling 2018			
Prosjektnavn	Pensjon og eigarskiftekurs for bønder. Korleis kan dei førebu seg? Er det meir å hente?			

### Kort beskrivelse

Hovudmålet for kurset er å fremme kunnskapen til mjølkeprodusentane som står framfor eit generasjonsskifte om korleis begge generasjonane kan få henta ut mest mogleg med tanke på deira situasjonsbestemte forutsetningar

### Prosjektbeskrivelse

Det er mange produsentar som står framfor pensjon og generasjonsskifte i løpet av dei nærmaste fem åra, og vidare, her i Sogn og Fjordane. Dette både med tanke på det naturlege tidsløpet ein står ovanfor, men også på grunn av at det er mange som skal bygge om frå båsfjøs til lausdriftsfjøs, eller leggje ned, grunna nye forskrifter som skal tre i kraft i 2024. Difor er det mange som sit med spørsmål om korleis dei skal få henta ut mest mogleg gjøna enkle grep, og kva steg dei skal ta for å forsikre seg god planlegging i denne prosessen fram mot pensjon og eigarskifte.

Regelverket er kan vere vanskeleg å forstå, men gjev økonomiske rettar dersom ein fyller visse krav. Ved å få ein god overblikk over moglegheitene og fallgruver, er det både mykje som kan hentast ut og feilsteg med store konsekvensar som kan unngåast.

Det er viktig at produsentar får denne kunnskapen i tide, og helst ein god stund før eigarskiftet skal føretakast. I denne prosessen ligg også ein god dialog mellom begge generasjonane. Denne dialogen kan også byrjast eller vidareførast via å delta på eit slikt kurs som vi tilbyr her.

Å førebu seg på pensjon og eit generasjonsskifte er viktig. Gjennom dette kurset og diskusjonen som fasiliterast skal deltakarane få svar på følgjande spørsmål:

Kva er viktig for dei unge?

Kven skal bygge? (Kva for ein generasjon?)

Kva får du i pensjon, og kva tid kan du starta uttak?

Avvikling og kvotesal, kven skal selja?

Den mentale prosessen, er alle klar?

## Kontaktopplysninger

Funksjon	Navn	Adresse/poststed	Mobil
Søker / Prosjekteier	TINE SA v/ TINE Rådgiving Sogn og Fjordane Org.nr:947942638	- 6851 SOGNDAL	95758720
Kontakt-person	TINE SA v/ TINE Rådgiving Sogn og Fjordane	- 6851 SOGNDAL	95758720
Prosjekt-leder	TINE SA v/ TINE Rådgiving Sogn og Fjordane	- 6851 SOGNDAL	95758720

**Mottatt offentlig støtte tidligere:** Nei

## Spesifikasjon

### Bakgrunn

Det er mange produsentar som står framfor pensjon og generasjonsskifte i løpet av dei nærmaste fem åra, og vidare, her i Sogn og Fjordane. Dette både med tanke på det naturlege tidsløpet ein står ovanfor, men også på grunn av at det er mange som skal bygge om frå båsfjøs til lausdriftsfjøs, eller leggje ned, grunna nye forskrifter som skal tre i kraft i 2024. Difor er det mange som sit med spørsmål om korleis dei skal få henta ut mest mogleg gjøna enkle grep, og kva steg dei skal ta for å forsikre seg god planlegging i denne prosessen fram mot pensjon og eigarskifte.

Regelverket kan vere vanskeleg å forstå, men gjev økonomiske rettar dersom ein fyller visse krav. Ved å få ein god overblikk over moglegheitene og fallgruver, er det både mykje som kan hentast ut og feilsteg med store konsekvensar som kan unngåast.

Det er viktig at produsentar får denne kunnskapen i tide, og helst ein god stund før eigarskiftet skal føretakast. I denne prosessen ligg også ein god dialog mellom begge generasjonane. Denne dialogen kan også byrjast eller vidareførast via å delta på eit slikt kurs som vi tilbyr her.

### Prosjektmål

Hovudmålet for kurset er å fremme kunnskapen til mjølkeprodusentane som står framfor eit generasjonsskifte om korleis begge generasjonane kan få henta ut mest mogleg med tanke på deira situasjonsbestemte forutsetningar. Ringverknader ved at lokale produsentar får ein betre oversikt over dette er, til dømes, at vi får:

best mogleg pensjon for dei som skal pensjonere seg. Dette gjer det tryggare for begge generasjonane som skal gjennomgå eigarskiftet.

best mogleg økonomisk gevinst for begge generasjonane generelt, etter eigarskiftet.

ein neste generasjon som kanskje er meir villig til å overta garden, sida dei er trygge på at dei kjem inn i eit forsvarleg økonomi.

Vidare, ved at gardane vidaredriftas, får vi også:

sikre kommunane sin relative del av produksjon av mjølk og storfekjøt.

ivareta glandene og kommunane med tanke på busetnad, folketal og sysselsetting.

sikre eit variert næringsliv og tenestetilbod.

sikre bruk av ressursane som ligg her i fylket.

Målet er at dei brukar i fylket som planlegg eit generasjonsskifte i løpet av dei nærmaste fem åra får tilstrekkeleg med kunnskap til at dei veit moglegheten deira, og korleis dei skal gå frem for å planlegge eigarskiftet best mogleg. Det er også eit mål at dei produsentane som skal pensjonere seg utan eit generasjonsskifte skal få tilstrekkeleg med kunnskap til at dei kan få eit så bra pensjon som mogleg.

### **Forankring**

TINE Rådgiving Sogn og Fjordane

### **Prosjektorganisering**

Utvandande rådgjevarar for kurset skal organisere, motivere, og levere fagkompetanse innanfor regelverk, moglegheter og fallgruver, og fasilitere diskusjonen som tek plass i løpet av møtet.

Møta vert organisert slik at det er ca. 6-7 bruk per møte. Slik får ein best mogleg diskusjon, for gruppa er ein god storleik, og produsentane saman med deira neste generasjon får best mogleg individuell hjelp gjøna diskusjonen og informasjonen presentert.

Det blir ein eigenandel for deltakarane på møta, som i sum blir på kr 77 000.

### **Samarbeidspartnere**

Ingen

### **Aktiviteter**

Budsjettet er sett opp med følgjande føresetnader:

2 rådgjevarar organiserer og utførar møta

Totalt 10 møte i Sogn og Fjordane

6 bruk per møte, med 2 deltararar frå kvart bruk

Tidsramme, per møte: 7 timer, inkludert organisering og førarbeid

Timepris i prosjektet er TINE Rådgiving sin eksterne timepris; for 2018 er det kr 1.280 per time

### **Målgrupper**

Mjølkeprodusentar som står framfor generasjonsskifte. Begge generasjonar som er involvert.

### **Resultat**

Målet er at produsentane som deltek på kurset skal få ein betre forståing for korleis dei kan førebu seg på pensjon og eigarskifte. Dei skal vidare få oversikt over kva slags punkter dei kan hente ut gevinst frå for å få best mogleg pensjon, og for at neste generasjon skal få best mogleg grunnlag for vidare drift når dei overtek garden. Dette skal gi produsentane:

better tryggleik for framtida.

better kommunikasjon og forståing mellom generasjonane der aktuelt.

### **Effekter**

Sjå tekst under resultat.

## **Tids- og kostnadsplan**

### **Tidsplan**

Målet er at møta blir held mot slutten av november til 1. veke av desember, 2018, og frå byrjinga av januar til midten av mars, 2019, slik at møta passar best mogleg inn i årshjulet til produsentane.

**Kostnadsplan**

Tittel	2018	2019	2020	2021	2022	SUM
Gjennomføre møta, rådgjevar	90 000	90 000				180 000
Køyre og reisekostnad	23 500	23 500				47 000
Lokale og mat til møta	15 000	15 000				30 000
Planlegge møte/utarbeide materiell	9 500	9 500				19 000
<b>Sum kostnad</b>	<b>138 000</b>	<b>138 000</b>				<b>276 000</b>

Møta er planlagt gjennomført i perioden haust 2018 til vår 2019.

Budsjettet er sett opp med følgjande føresetnader:

2 rådgjevarar organiserer og utførar møta

Totalt 10 møte i Sogn og Fjordane

6 bruk per møte, med 2 deltagarar frå kvart bruk

Tidsramme, per møte: 7 timer, inkludert organisering og førarbeid

Timepris i prosjektet er TINE Rådgiving sin eksterne timepris; for 2018 er det kr 1.280 per time

**Finansieringsplan**

Tittel	2018	2019	2020	2021	2022	SUM
Delakaravgift	38 500	38 500				77 000
Tilskot til nærings- og samfunnsutvikling 2018	49 750	49 750				99 500
TINE Rådgiving	49 750	49 750				99 500
<b>Sum finansiering</b>	<b>138 000</b>	<b>138 000</b>				<b>276 000</b>

**Geografi**

1400-Sogn og Fjordane

**Vedleggsliste**

Dokumentnavn	Filstørrelse	Dato